



Aukra kyrkjelege fellesråd/sokneråd

Skogvegen 1a
6480 AUKRA
Tlf.: 71171540

Aukra kyrkjekontor 24.01.2018

Referat frå møte i Aukra kyrkjelege fellesråd/sokneråd

Møtedato: 23.01.2018
Møtetid: kl. 19.00
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Møtte:

Svein Løwe, Inga Sølvi Korsvik Melby, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Inger Kristine Kjellnes, Anja Helen Otterlei, Stian Marius Sørensen, Audhild Mork og Kristian Finn Risung

Meldt forfall:

Ingunn Hjeltnæs, Mette Myrseth Oterhals, Gro Merete Hoksnes.

Referat

Sak 000018 Feitetysdag

Aukra sokneråd arrangerer sal av rømmegrøt og risengrynsgraut tysdag 13. februar saman med Bygdekvinnelaget. Stab vurderer og arrangement for barnehageborn på blåmandag, samt øvrige arrangement i fastetida.

Sak 000018 Eventuelt

Det vart meldt ei sak til eventuelt – gudsteneste 11. mars. (Sjå eiga sak).

Sak 000018 Adventskonsert

Saka om evaluering av adventskonserten vart utsett, og mogleg delegert til kyrkjemusikalsk utval.

Sak 000019 Permisjon

Nils Lykkeslet Sæther har permisjon frå arbeidet som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar frå 1. mars 2018 til 1. mars 2019 for å arbeide i eige føretak. Det er utlyst vikariat for arbeidet som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar, med søknadsfrist 15. februar.

Inger Kristine Kjellnes har svangerskapspermisjon frå verv i Fellesråd/Sokneråd frå våren/sommaren 2018, og Anja Helen Otterlei blir møtande som fast representant i permisjonstida. Inger Kristine beheld oppgåvene i Grøn Kyrkjelyd, og regulerer sjølv kor mykje permisjon ho ønskjer frå oppgåvene i Fellesråd/Sokneråd.

Beate Hostad Aukan har søkt om studiepermisjon ein dag i veka frå 23. januar til 24. april for å følgje forelesningar på høgskulen i Molde. Søknaden er sendt til Administrasjonsutvalet.

Sak 000020 Saksgang i saka om økonomien til Aukra sokn frå Aukra kommune

Leiar i Fellesråd/Sokneråd Svein Einar Løwe orienterte om kva som var gjort av dialog med kommunen i saka om økonomien til Aukra sokn som skal til behandling i kommunestyret i februar.

Sak 000021 Kjølleskap i KLH

Det eine kjøleskapet i KLH lek kjøleveske, og det er ønskje om frå Kyrkjeverje om å kjøpe inn eit nytt kjøleskap, anten frå Rødal som har levert kjøleskapet som er der no, eller eit rimelegare alternativ.

Sak 00022 Gudsteneste 11. mars

Det er ønske om å arrangere gudsteneste 11. mars i samarbeid med eining for innvandring og integrering og kulturskolen, der takkegåva går til organisasjonen «Ein drope i havet». Gudstenesta blir ein temagudsteneste i forbindelse med Internasjonal veke, og går inn i gudstenesteplana for Aukra sokn.

Sak 001/18 Budsjett 2018

Møtebehandling og samrøystes vedtak:

Arbeidsutvalet redigerer budsjettet sånn at det samsvarar med løyvingane som er gjeve frå Aukra kommune i løyvingsbrevet av 19. januar 2018. Oversendingsbrevet som blir sendt til kommunen med vedtak om endeleg budsjett skal og innehalde oversikt over stillingsprosentane i soknet, samt informasjon om på kva område det manglar finansiering for oppgåver som er regulerte av §15 i kyrkjelova.

Sak 002/18 Planleggingsdag for Sokneråd og stab

Møtebehandling:

Barnegospel har besteforeldrekaffi i KLH torsdag 15. februar som vart sett opp som ny dato for inspirasjonssamling/planleggingsdag grunna feire for kantor i tida 25. januar til 4. februar. Saka blir sendt attende til staben for å finne ein ny dato som høver både for stab og sokneråd.

Møtet vart avslutta kl. 21.17.

For Aukra sokneråd

Beate Hostad Aukan